Referat frå årsmøte i Aust-Telemark Sau og Geit 2. februar 2012.

Årsmøtet blei halde på AT Skog i Sauland. Det møtte 24 personar frå 19 gardar.
Leiar Rune helsa velkommen og nemnde spesielt gjesten Harald Løkslid frå Hjartdal Sau og Geit.
Rune var valt vart valt til møteleiar, og Astrid til skrivar.
Morten skulle styre prosjektoren.

Årsmøtesaker:

1. **Innkalling og sakliste blei godkjent** med merknad frå Arvid Lia om at det ikkje skal vera «eventuelt» på årsmøte.

2. **Hallgeir Mælandsmo og Wenche Tubaas vart valt til å skrive under møteboka.**

3. **Rune gjekk gjennom årsmeldinga.** Den blei vist på projektor, og styret og andre kom med kommentarar undervegs. Svein forklarte litt om premieringa på kåringsjået. Årsmeldinga blei godkjent

4. **Rekneskapen** blei lagt fram av Camilla.
   Det viste seg at underskotet frå i fjor var snudd til overskot, noko som truleg skuldast HMS-pengar og større overskot på kårings-sjået.(Rune og Tone Karin stilte med fårikål gratis). Heller ikkje i år var ullpengane frå Fatland kome, så nokon må ringe og minne dei på det. Det manglar ei rekning frå Mosebø for ull-lager.
   Rekneskapen blei godkjent.

5. **Årsplan for 2012.**
   Styret hadde eit framlegg til årsplan som Rune la fram.
   Denne årsplanen blei godkjent med oppmoding til medl. om å koma med innspel og ønske.

   - Årsmøte ATSG 02.02
   - Medlemsmøte. Tema: Organisert beitebruk v. Hans Jørgen Aase.
     Morten og Svein ansvarleg Febr/ mars.
   - Fylkesårsmøte 4. – 5. mars
   - Medlemsmøte/Kurs /Demonstrasjon. Tema: Fornying av eng.
     Eventuelle fagpersonar: Volland, Forsøksring, Felleskjøpet?
     Rune og Ramond ansvarleg Våren 2012.
   - Utmarkstur med tema: – Rundt St. Hans? Ynskjer innspel om tid og stad frå medl.
   - Kåringsjå – først i oktober.
   - Medlems møte/ Tur Hausten 2012. Ynskjer innspel om tema frå medlemmene.
     Nyfjøset til Gunnar Haugo? Slakteria? Nytt bygg på Telespinn? blei nemnt.
   - Haustsamling i fylkeslaget. Var mange frå laget med i haust. Svein oppfordra folk til å delta på det. Sosialt og interessant.
   - Årsmøte - jan 2012

6. **Budsjett for 2012.** Camilla la fram budsjettet som bygde på dei reelle tala frå i år. Godkjent

7. **Val.**

Valet gav dette resultatet:

Leiar:	Rune Bøe	1 år (attval)
Styremedl.	Morten Hedegart	ikkje på val
Styremedl:	Astrid L. Engebretsen	ikkje på val
Styremedl:	Ramond Sem	attval , 2 år
Styremedl:	Sigbjørn Stavland	ny, 2 år
1. vara:	Svein A.Tørre	attval, 1 år
2. vara:	Olav Siljudalen	attval, 1 år
3. vara:	Camilla D. Krosshus	ny, 1 år
Revisor:	Harald Nisi	attval, 1 år
Valnemnd:	Arvid Lia	ikkje på val
	Per Rønningen	ny, 2 år

Utsendingar til fylkesårsmøtet i Morgedal 2. og 3. mars:
Rune Bøe
Ruth Sundvor
Sigbjørn Stavland
Roar Fjeld
Per Rønningen

Det vart foreslått at Svein skulle vise heimesida til NSG med undersider frå fylkeslag og ein del lokallag.
Svein redigerer ATSG si heimeside , og der kan ein finne mykje av det som skjer og har skjedd i lokallaget vårt. Bra Svein!
På desse sidene finn ein nytt om gaupejakta og anna aktuelt stoff..
Han viste og sida til interesselaget for fleirfarga spel som ein kan finne under Telemark Sau og Geit.
Nyttig for dei interesserte.

Innimellom det faglege var det sjølsagt **matpause: Varme karbonadesmørbrød, snitter**, kaffe, brus, sjokolade og frukt.
Til slutt takka Rune for frammøtet og ønska alle vel heim.

Astrid Lia Engebretsen